

I planframlegget har parkeringsarealet P1 status som privat parkering. Fylkesmannen kan vanskeleg akseptere denne delen av planframlegget dersom intensjonen er å etablere private parkeringsplassar der ålmenta ikkje skal ha tilkomst. Vi ber om at planframlegget vert tydelegare på dette punktet. Vi ber også om at reguleringsføresegnene vert endra i tråd med rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga.

For den vidare handsaminga av saka viser vi til gjeldande retningsliner for bruk av motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova i rundskriv T-5/95. Fylkesmannen kan delta i nærare drøftingar dersom det er ønskje om det.

Med helsing

Svein Alsaker

Terje Aasen
fylkesmiljøvernssjef

Kopi: Hordaland fylkeskommune, kommunesamarbeid